



HARAM KOMMUNE

Retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond

(bygger på retningslinjer vedtatt 11.03.03 Nærings-og miljøutvalet – M&R fylkeskommune)

1. **Formål**

Kommunalt næringsfond skal nyttast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling. Vedtekne kommunale strategiar skal ligge til grunn for bruken av midlane. Fondet skal ha ein utløyssande effekt på tiltaket som vert støtta.

Fondsmidlane skal plasserast på rentebærande konto og renter og låneavdrag skal førast tilbake til fondet. Næringsfondet skal vere uavhengig av likviditetssituasjonen i kommunen.

Kommunen kan skyte inn sine fondsmidlar inn i interkommunale eller regionale næringsfond med felles styre.

2. **Tiltakstypar**

Næringsfondet kan nyttast til:

- Bedriftsretta tiltak
- Generelle tilretteleggande tiltak i regi av kommunen eller andre typar organisasjonar

Det kan ikkje løyvast støtte til ordinær drift, inkludert finansiering av kommunens ordinære oppgåver i næringsutviklingsarbeidet.

Det kan ikkje gis støtte til fysiske infrastrukturtiltak i kommunen.

Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang at det kan oppfattast som urettmessig konkurransevridande lokalt.

Industribedrifter har høgast prioritet, servicebedrifter har middels og handelsbedrifter har lavast prioritet.

Ein skal vere varsom med å gi støtte til kontorhjelpemiddel som EDB-utstyr, transporthjelpemiddel som bilar o.l. ettersom det er vanskeleg å etterspore bruken av dette. Av same grunn skal ein og vere varsom med å gi støtte til kurs/utdanning til enkeltpersonar, og spesielt kor utdanninga ber preg av å vere av generell karakter.

Det kan ikkje gis støtte som er i strid med internasjonale avtalar der Norge er part. Det kan derfor ikkje gis støtte til primær stålproduksjon, til transport eller til direkte eksportkostadar, inkludert etablering og drift av distribusjonsnettverk. Jamfør også punkt 4.

3. **Støtteformer**

Støtte skal fortrinnsvis gis som tilskott, men kan også gis i form av lån og aksjekapital. Fylkeskommunen rår likevel kommunane til å ikkje nytte næringsfondet til teikning av aksjar.

Jamfør kommunelova §51 kan næringsfondet ikkje setjast som garanti for lån til næringsverksemd.

4. **Kapitalgrenser og støttebeløp**

Det kan ikkje gis tilsegner utover det som til ei kvar tid står på fondet. Det er ikkje tillate å gi tilsegn basert på neste års løyving frå fylkeskommunen. Kommunen kan likevel skyte eigne midlar inn i fondet.

Prosjekt med støttebehov over halvparten av siste års tildeling til fondet bør drøftast med fylkeskommunen og/eller SND (for 2003 er denne grensa kr. 182 500,-).

Støtte til enkeltbedrifter skal ikkje gis til prosjekt der samla kapitalbehov er større enn eit maksimalbeløp fastsett i tildelingsbrevet frå fylkeskommunen (for året 2011 er dette kr. 300 000,-). Søknadar med kapitalbehov over dette skal sendast til SND.

Støtte skal ikkje utgjere meir enn 50% av kostnadane som er rekna inn i støttegrunnlaget.

5. **Samfinansiering**

Samfinansiering er avgrensa av reglane for dei midlane det er aktuelt å samfinansiere med. Ein gjer særleg merksam på EU-regelverket for bagatellmessig støtte, implementert gjennom EØS-avtalen. Dei kommunale næringsfonda må haldast saman med annan bagatellmessig støtte. Dette vert ikkje påverka av ESA-godkjente støtteordningar som er definert utanfor den bagatellmessige støtta.

6. **Prosedyrar**

Mynde til å vedta løyvingar frå næringsfondet er lagt til kommunestyret, som igjen har delegert mynde vidare til eit styre bestående av tre kommunestyrerepresentantar, jmf. kommunelova.

Kommunen skal etter vedtak sende tilsegnbrev med vilkår for tilsegna. Tilsegnbrevet skal gi ein frist for ferdigstilling og rapportering, og om prosedyrar og dokumentasjonskrav knytt til utbetalinga. Tilsegnbrevet skal gi opplysningar om klagerett jamfør kommunelova §29 og forvaltningslova § 28.

Sluttutbetaling skal alltid skje etterskotsvis mot rapport og rekneskap.

Kommunen skal kvart år rapportere bruken av det kommunale næringsfondet jamfør reglar fastsett i tildelingsbrevet. I dette ligg det eit krav om at kommunen må etablere eit system som legg til rette for innsyn og kontroll med omsyn til både økonomi og målstyring.